

1. Valkampmateriell og annan viktig informasjon på nynorsk.

I samband med valkampen dette året fekk vi ikkje tilgang til valkampmateriell på nynorsk. Valkampmateriell og annan viktig informasjon frå LO må kome ut samstundes både på nynorsk og bokmål. Vi reagerer sterkt på at utsendt valkampmateriell ved kommune- og fylkestingsvalet dette året ikkje vart sendt ut på nynorsk. I Vestland er det mange lokalorganisasjonar, fagforeiningar, kommunar og tillitsvalde som nyttar nynorsk som sitt målføre. Vestland fylkeskommune har også vedteke at nynorsk skal administrasjonsspråk. Difor er det veldig viktig at ein organisasjon som LO, uttrykker breidde og mangfald i sin språkbruk og kommunikasjon. Materiell som nyttast i heile landet må vere tilgjengeleg på nynorsk!

LO-kongressen gjorde i 2017 følgjande vedtak om bruk av nynorsk: «LO vil arbeide for likestilling mellom nynorsk og bokmål. Dette inneber at alle skal kunne bruke si målform i arbeidslivet, at det blir god opplæring i begge målformer i skulen, og at mållova blir følgd i praksis. Nynorsk må også ha ein naturleg plass i dei skriftlege framstillingane i LO og i forbunda».

LO Vestland viser elles til LO sin handlingplan, vedteke på kongressen i 2022: «LO vil arbeide for likestilling mellom nynorsk og bokmål. Dette innebærer at alle skal kunne bruke sin målform i arbeidslivet, at det blir god opplæring i begge målformer i skolen, og at mållova følges i praksis. Nynorsk må også ha en naturlig plass i LOs og forbundenes skriftlige framstillinger».

Regionkonferansen til LO Vestland krev at valkampmateriell og annan viktig informasjon frå LO må kome ut samstundes både på nynorsk og bokmål.